



DET NORSKE TEATRET



b139.0174/0


FLÅTEN - Eit svensk gruppeteatereksperiment

Den vestlege teatertradisjonen er litterær, – teatret byggjer på eit fast tekstunderlag. Dette er sjølvsgagt ein konvensjon, slik den tradisjonelle oppdelinga av dramaet i komedie og tragedie er det. På lengre sikt er desse formene kanskje berre overgangsformer. Sp e l e t kjem alltid til å vere kjernen i aktiviteten på scenen, og det har ikkje eit litterært utgangspunkt som føresetnad.

Vi sleper og på ein annan konvensjon: kravet til at teatret skal vere tidlaust, – at eit stykke som blir skrive no skal kunne opplevast med same utbytte i all framtid. Denne konvensjonen heng sjølvsgagt saman med at teatret er avhengig av litteraturen i samtida. Dersom teatret skal fylle si sosiale rolle, må det spegle av våre problem, ikkje berre dei evige, men òg dei lokale som gjeld i den aktuelle situasjonen.

Heilt sidan hundreårskiftet har teaterpionérane vore klare over at dersom teatret skulle kunne leve vidare, måtte det bryte ut av den isolasjonen som det var kome i. Frigjeringsarbeidet har vore drive på alle område: det gamle teaterspråket er rasert, dei tekniske hjelpemidla er nestan fullkomne, og teaterformene er mangslugne ut over alle grenser. Men i myldret av former og eksperiment kan vi skilje ut to hovud-

«Flåten»-originalane. Frå venstre Kent Andersson, Måns Westfelt, Marian Gräns, Ingvar Hirdwall, Birgitta Stahre, reg. Lennart Hjulström, Arne Nyberg.



liner: det tradisjonelle teatret, leia av store instruktører, og eksperimentteatret som på ymse vegar når fram til effektive former ved å byggje på eit intimt samspel og samarbeid innan ei fasttømra gruppe.

Midt i 60-åra opplevde Norden ein hissig diskusjon om instruktør-teatret kontra skodespelarane sitt teater. Diskusjonen hang m.a. saman med at unge skodespelarar var misnøgde med teaterrepertoaret, som ga dei for få høve til å utfalde seg og bruke teatret til å gje uttrykk for meiningar.

Det var eigentleg ein dramatikardebut som bana vegen for gruppearbeidet ved Göteborg Stadsteater: Bengt Bratt med det sosialrealistiske skodespelet «Sorgen och ingenting» ved Göteborg Stadsteater. Under arbeidet med dette stykket danna det seg ein gjeng, — ei «gruppe» — med Kent Andersson, Lennart Hjulström, Ingvar Hirdwall og Marian Gräns — dei fire som saman med Birgitta Stahre, Måns Westfeldt og Arne Nyberg sigla «Flåten» i hamn våren 1967.

Kent Andersson hadde lenge hatt idéen til «Flåten». I tre-fire år hadde han pusla med situasjonar og opptrinn til eit cabaret-liknande skodespel, og særleg i sesongen 66/67 tok gode tekstfragment form — og Kent Andersson prøvde dei ut på folk innan og utanfor teatret. Arbeid og samspel i «Sorgen og ingenting» synte at eit eksperiment hadde sjanse til å lykkast, og teatersjef Mats Johansson våga å satse på dei aller yngste i ensemblet. Gruppeteatereksperimenta kunne starte.

Kva er så gruppeteater, og korleis arbeider det?

Ein kan svare forenkla og skjematisk: ei gruppe skodespelarar som kjenner kvarandre, har eit bodskap dei vil føre fram saman og ein idé om korleis dei vil gjere det. Bodskapet kan vere sosialt, politisk eller endatil religiøst. Idéen treng ikkje vere meir enn ei skisse, men kan òg, som i «Flåten», omfatte tekstfragment, eitt eller fleire handlings- eller rollemønster. Det kan òg vere ein komplett tekst som skal omsetjast og tilpassast lokale forhold (som t.d. «Hemmet» ved Trøndelag teater).

Gruppa bør omfatte ein eller fleire forfattarar med ansvar for teksten, men dei er ikkje så nødvendige som regissøren eller «arbeidsleiaren»; det trengs ein sam-

lande instans som kan vurdere det som skjer på scenen utanfrå, om lag som ein publikummar i salen. Gruppeteaterinstruktøren får i alle høve aldri den dominerande rolla instruktøren elles har i teatret.

Med utgangspunkt i idé og tekstfragment tar gruppa til å leike seg fram til sceniske løysingar på oppgåva. Den einskilde skodespelaren leitar seg fram roller som dei «kjenner for». Den einskilde scenen er aldri ferdig før gruppa saman har funne ein spelemåte alle er einige i og som regissøren godtar. Teksten er ikkje fastlagd før gruppa har presentert «spelet» for publi-



kum og justert det etter publikumsreaksjonen.

Sjølve prøveplanen følgjer gjerne mønstret med føremiddagsprøver etter førebels skisse. Om kvelden arbeider forfattarene vidare på «dagens tekst», og neste dag blir det utarbeidde framlegget gjennomprøvd, forfattarane registrerer resultatet og held fram med arbeidet om kvelden osv., – heilt til resultatet er godt. «Flåten» vart ein teatersensasjon, men suksessen med denne samlinga av gags, viser, opptrinn og sketsjer kan ikkje berre tilskrivast Bengt Bratt, Kent Andersson og skodespelarkollegane deira. Den unge skodespelaren Lennart Hjulström debuterte som regissør med dette stykket, og han var ikkje den minst

viktige. Sidan har han stått som leiar for dei to andre gruppeteaterekspérimenta ved Göteborg Stadsteater; «Hemmet» og «Sandlådan», og arbeidd med ei gruppe av dei aller yngste skodespelarene ved den göteborgske hovudscenen.

«Flåten», «Hemmet» og «Sandlådan» har den samansette forma som felles kjenneteikn. Først når teppet er gått ned har brokkane, fragmenta samla seg til eit fullstendig bilete — ein spegel av nåtida som tilskodaren treng for heilt å fatte sin eigen røyndom og den verda som omgir han. Men medan «Flåten» tok opp til debatt ei rekke ulike sider av det moderne samfunnet og ikkje viste eit samla bilete, er «Hemmet» og «Sandlådan» temateater. «Hemmet» speglar av verda til dei gamle i samfunnet, i «Sandlådan» blir barnets verd synt fram. At «Flåten» ville femne så alt for mykje, var kanskje den viktigaste innvendinga mot stykket. Dei neste göteborg-eksperimenta vart eit svar på denne kritikken: dei gjorde opp status på to avgrensa område av samfunnet. I alle stykka blir våre politiske og sosiale krav om likestilling, rettfærd og menneskeleg varme stilt opp mot dei framleis sparsame resultat politikarane kan vise til. Bodskapet i «Flåten», som i «Hemmet» og «Sandlådan», stemmer altså med dei samfunnsengasjerte, sosialrealistiske straumdraga i europeisk teater i dei siste fire-fem åra.

Gruppeteatertanken er tatt opp av Svenska Riksteatern, som både har arbeidd med göteborgstykk og med eigne prosjekt. Bo Hermansson, som no er «arbeidsleiar» for gruppeteaterekspérimentet om krigen ved Trøndelag teater, har òg vore engasjert i dette arbeidet. For vel eit år sidan vart «Gruppen» etablert også ved Det Kongelige Theater i København. Men framleis ventar vi på danske resultat som kan måle seg med dei svenske, som skapte teaterhistorie i Skandinavia.


Faren ligg i dag i det at gruppeteater-aktiviteten skal ende i manér slik så mange andre teaterretningar har gjort. Mykje tyder på at denne utviklinga alt er i full gang. Men gruppeteatret fungerer berre under visse føresetnader: engasjement, bodskap og ei samkøyrd gruppe skodespelarar. Dersom det blir misbrukt med tanke på kortsiktig vinning, misser teatret ei arbeidsform som alt har vist seg verdifull i konkurransen med



Frå venstre: Bjørn Jenseg, Alf Malland, Ulrikke Greve, Anita Rummelhoff og Tom Tellefsen.

andre arbeidsmåtar, ei form der leiken og spelet igjen er blitt ei hjelperåd, med ein spontanitet og noko umiddelbart som lettar kommunikasjonen med eit breitt samansett publikum.

Det politiske og dokumentære teatret er gruppeteatret underlegent når det gjeld å vise kvar mennesket står i samfunnet. Og det må vere ei sjølvsgd oppgåve for teatret å kartleggje terrenget mellom dei ideale fordringane og vår eigentlege situasjon. Teatret som institusjon skal stå midt i kvardagen, som ein spegel, og reflektere handlingsmønstra våre på ein slik måte at vi får perspektiv på oss sjølve.




omsett av ARNLJOT EGGEN
regi: ROLF SAND/HÅKON QVILLER
røystepedagog: VIRAN WALLSTRØM
koreografisk ass.: ROLF DALENG
musikalsk leiing: PER BRUUN-LIE
insipient: INGAR NILSEN
Flåten er bygd på Det Norske Teatrets snekkarverkstad

programred. og omsetjing: Tove Ellefsen
foto: Ole Christiansen
omslag: Trond Botnen
trykk: Torres Trykkeri, Oslo

FLÅTEN

av Kent Andersson



PERSONANE:

Freddy

Mary

Lilly

Harry

Jonny

Den framande

TOM TELLEFSEN

ULRIKKE GREVE

ANITA RUMMELHOFF

BJØRN JENSEG

ALF MALLAND

LASSE BARTNES


«Flotten». Uppremière på Göteborg Stadsteater
27. april 1967

FLÅTEN - og måten

I midten av 60-åra fekk ein del unge svenske teaterfolk idéen til ein satirisk samtidsrevy, presentert av 6 menneske på ein flåte. Flåten var Sverige, dei 6 representerte forskjellige mennesketypar i dagens samfunn. Gjennom studier, diskusjonar, innfall og improvisasjonar utvikla dei eit «spel», – som skodespelaren og forfatternen Kent Andersson kalla det.

Eigentleg var vel ikkje gruppeteater noko nytt, men nå vart det knytt til denne spesielle forma for teatereksperiment. Seinare er omgrepet blitt brukt og misbrukt i slik grad at det no mest har mista all verdi.

Men Flåten vart ei frisk, impulsiv, artig og engasjerande framsyning, prega av at skodespelarane var innforliva med stoffet, og av den ledige revyforma stykket fekk.



Sjølvsagt er det ikkje lett å overføre eit slikt stykke til eit anna språk, spela av andre skodespelarar. Men problemstillingane er like aktuelle her som i Sverige. Samfunnet vårt er ikkje annleis konstruert, og her òg held vi dei flagrande andleta våre framfor oss og spelar rollar for kvarandre.

I arbeidet med teksten har vi freista sleppe leikelysta til, – det lette og avspende i improvisasjonsteatret har vore målet. For Flåten ser vi som ein teaterleik, – ein leik med meining.

RS/HQ

I am so glad you were able to come . . .

- Kva er klassejamstelling?
- Det er å rekke kvarandre handa over ei kløft som veks.

- Det vil seia at ein ikkje står stille.
- Kva er framsteg?

Her seglar vi med fem knops fart mot sakleg politikk!
Vi møter blindskjer her og der av billeg romantikk.
Men når vi er komne fri frå dette bottenskrap
skal vi nå fram til Fridom, Jamstelling og **BORGARSKAP!**



På trettitalet
da fanst idealet
som så kom på salet
som eldgammalt skrap.
Ja, Gerhardsen selde med tap.

Poff!

Men medkjensle er vel òg ein slags k j æ r l e i k ?

Kvifor skal vi alltid vere ytterlege?
Kvifor kan vi aldri vere inderlege?

Det er nemleg spørsmål om artklasjonen.

Du – det er fornedinga sitt paradoks: dei sparkar deg
i baken og andletet går sund.

«Du har svike tilliten vår»

VI HAR AVLA EIN LÅGLØNA!



NESTE PÅ DET NORSKE:

Neste premiére på Hovudscenen kjem 27. februar, med den russiske dramatikaren Alexej Arbuzovs «Min stakkars helt». Stykket har berre tre roller: den unge jenta Lika blir spela av Lise Fjeldstad, poeten Leonidik av Ola B. Johannessen, og Ole-Jørgen Nilsen spelar brubbyggjaren og «helten» Marat.

Finn Kvaalem har sett i scene dette skodespelet som strekk seg over eit tidsrom på 17 år, frå Leningrad-blokaden i '42 fram til starten på eit nytt ti-år, nyårskvelden 1959.

I april blir det premiére på ein ny musical: «VI TO! VI TO!» av Harvey Schmidt og Tom Jones. Lasse Kolstad og Sølvi Wang har dei to einaste rollene i denne ekteskapsmusicalen. Skal ein dømme etter publikumsreaksjonane ensembleret møter på samarbeidsturné med Riksteatret, skulle Oslo-publikumet ha noko å glede seg til. Rikki Septimus har regien, Arne Walentin dekor og Egil Monn-Iversen står for musikalsk tilrettelegging og orkesterleiing.

VÅRT «HEMMELEGE VÅPEN»

Etter framsyninga har De høve til å ta ein tur ned i Bikuben, der teaterpublikumet no har gratis tilgjenge. Programmet vekslar mellom jazz, politisk kabaret og debatt, men der finst òg eit stille hjørne for ein prat om stykket.

Inst i Kjellaren ligg Det Norske Teatrets «hemmelege våpen», — eksperimentscenen med plass til 60 tilskodarar. No står Einar Øklands siste stykke på spelplanen: «Aberfan» sett i scene av Ingebjørg Sem. Aberfan er namnet på den walisiske gruvebyen der eit slagberg kom i sig og drap 116 barn og 26 vaksne, ei hending som dannar ein trugande bakgrunn for skodespelet om Han og Ho som freistar isolere seg frå samfunnet og skape si eiga «kvite verd».

I rollene finn vi Bente Liseth og Gudrun Waadeland, Carsten Byhring, Svein Byhring, Sverre Holm og Atle Merton. Framsyningane tek til kl. 19.00.



Botnen-68